



Eub Ltd  
Øvre Kråkenes 66  
5152 BØNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/1018 - 21/19536

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
24.03.2021

## Søknaden om ferdigattest vert avvist - gbnr 213/62 Eikanger nedre

**Administrativt vedtak:** Saknr: 365/21  
**Tiltakshavar:** EUB LTD  
**Ansvarleg søkjar:** EUB LTD  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 jf. byggesaksforskrifta § 8-1, vert søknad om ferdigattest for einebustad på gbnr 213/62 avvist.

Når du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

### Tiltak

EUB LTD har søkt om ferdigattest for einebustad på gbnr 213/62 i søknad mottatt 09.03.2021.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF- område med spreidd bustadbygging.

### VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande forhold:


1. Signert erklæring om ansvarsrett frå føretaket Stendal VVS AS er ikkje send inn, jf. vilkår nr. 4 i vedtak datert 10.09.2014.
2. Det ligg ikkje føre dokumentasjon som viser at avkøyrsla er ferdig opparbeidd og godkjend av vegstyresmakta, jf. vilkår nr 7 i løyvet datert 10.09.2014.

3. Det er ikkje dokumentert at eigedomen har godkjend vass- og avløpsløyving.

Det går fram av løyvet til oppføring av bustad datert 10.09.2021 at eigedomen skal ha privat vassforsyning og avløpsløyving, medan det går fram av brev datert 12.01.2021 frå avdeling for Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning at Stendal VVS AS har sendt inn ferdigmelding på tilknytning til kommunal vass- og avløpsanlegg, men at det ikkje er søkt om tilknytning.

Vi kan ikkje gje ferdigattest før det er dokumentert at eigedomen har godkjend løyving for vassforsyning og avløpsløyving, jf. vilkår 5. og 6 i løyvet datert 10.09.2021, eller det er dokumentert at eigedomen er tilknytt offentleg vass- og avløpsanlegg. Vi ber om at det vert gjort greie for kva vass- og avløpsløyving eigedomen har.

4. Plasseringa av bustaden har avvik frå gitt løyve. Grønt skravert bygg viser omsøkt bygg og oransje bygg viser faktisk plassert bygg. Det må søkjast om endring av plasseringa.



Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming, jf. Pbl. § 21-10 og SAK10 § 8.1.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

#### **Regelverk**

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Løyve til endring av plassering og fasadar - gbnr 21362 Eikanger nedre  
Løyve til tiltak - oppføring av bustad på gbnr 21362 - Eikanger nedre.  
D1 2017.07.21 - Situasjonsskart  
D2 2017.07.21 - Situasjonsskart-profiler  
E 2017.07.21 - Tegninger Enebolig Eikanger

**Mottakarar:**

Eub Ltd

Øvre Kråkenes 66 5152

BØNES